

MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

Råd: Stord sokneråd
Tid: Tysdag 7.februar 2022
Kl. 17.00 – 19.00
Møtestad: Kyrkjekontoret
Opning: Jørgen

Innkalla: Anders Dahl, Jørgen Knudsen, Dag Sele, Ingeborg I. H. Ørjasæter, Sigrid Beate Eskeland, Reidun Andersen (sakshandsamar)

Forfall: Nils Dale Elde, Kirsti Angvik Frugård, Egil Petterteig

Ikkje møtt: Signe Vorland, Dag Kjetil Lægreid

SAKLISTE

2023/08- 012 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: Godkjent, med tillegg av orienteringssak 7 (frivillige til fasteaksjon)

2023/09- 012 Godkjenning av møtereferat frå sist soknerådsmøte

Vedtak: Godkjent

2023/10- 273 Døgnet 2023 – Evaluering og oppfølging

Samtale rundt tema som vart diskutert på Døgnet 13.-14.januar, og evaluering av samlinga.

Notat frå drøfting:

Evaluering av Døgnet:

- Var veldig kjekt, nyttig, gode samtalar, vart tryggare på folk rundt, ga inspirasjon og energi, både av å høyre på foredragshaldar og andre.
- Det beste Døgnet, god samhandling mellom alle, opplevelse av ledigare stemning enn tidlegare døgn.
- Gode omgivelser setter god ramme rundt felleskapet. Godt fornøyd med hotellet.
- Nyttig at kvart sokneråd var delt der det var naturlig då dei er ulike

Oppfølging av tema på Døgnet, herunder m.a. planarbeid og utvalsarbeid:

Det er ønske om å starte med å lage ein planstrategi som skal innehalde ein oversikt over kva planer soknerådet skal lage, og korleis planprosessen ser ut med involvering av råd, utval og tilsette. Me treng planstrategi for å sjå forskjell på planane, kva planar er kortsiktige, langsiktige, arbeidsplanar mm. Lik struktur i begge sokneråda, sjølv om innhaldet er ulikt?

Det er og ønske om å forenkle planarbeidet og unngå å gjere det komplisert. Kan me lage planar på 1-2 sider? Helst berre ei side, få fram hovudplanen og ha detaljplanlegging utanom. Kven skal lage planen? Kan me tenke *Use Your Talents* og involvere personar så ein dekkjer 1) fagkompetanse (tilsett), 2) lokal erfaring frå arbeidet og 3) interesse for å skrive / lage planar. Planane er eit (viktig) verktøy, men ikkje eit mål i seg sjølv.

Det vert eit nytt møte 12.april med begge sokneråda og staben der ein ønskjer å arbeide vidare med ein *planstrategi*. Det er foreslått at ei arbeidsgruppe (Anders Dahl, Ingvild Almås og Reidar Ådnanes?) arbeider fram eit framlegg som forarbeid til den neste samlinga.

2023/11- 008 Høring - adgangen til å vektlegge samlivsform ved tilsetting i Den norske kirke

Se vedlagt brev og høringsnotat i vedlegg 2.

Vedtak: Soknerådet ønskjer ikkje å gje uttale i denne høyringa.

2023/12- 362 Misjonsprosjekt

Kor står me når det gjeld vurdering av evt. forlenging av misjonsprosjekt eller skifte til nytt misjonsprosjekt? Status frå diakoniutvalet v/Signe og diskusjon om korleis vi tek dette vidare.

Vedtak: Saka vert utsett til neste soknerådsmøte då ingen frå diakoniutvalet var til stades.

MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

2023/13- 217 Frivillige medarbeidarar i gudstenestene

Samla diskusjon rundt tema som gjeld frivillige medarbeidarar som tar del i gudstenestene. Kyrkjekaffien har stoppa opp. Korleis ønskjer vi å bruke dåpsvertar? Det er behov for fleire klokkarar og nye kyrkjevertar.

Vedtak: Gudstenesteutvalet tek ansvar for å følgje opp arbeidet med dei frivillige i gudstenestene. Soknerådet ynskjer å starte opp med kyrkjekaffi snarast.

2023/14- 046 Årsmøte 2023

I alle sokn skal det kvart år haldast eit soknemøte der ein legg fram for medlemmene årsrapport, rekneskap, arbeidsprogram og budsjett til orientering, jf kyrkjelova §9. Dette årlege soknemøtet gir grunnlag for debatt om planar og prioriteringar. Dermed er soknemøtet ein god plass for deltaking og engasjement i lokalkyrkja. Fristen for å leggje fram revisorfråsegn til rekneskapen er 1. april. Soknemøtet bør difor haldast ein gong etter dette.

Diskusjon om dato og form på arrangement. Enkelt formelt årsmøte etter ei gudsteneste, eller kombinere med inspirasjonskveld kor me kan presentere arbeidet som skjer i soknet og heie på dei mange medarbeidarane våre?

Vedtak:

Moment frå samtalen:

- Det er dårleg oppmøte på dei tradisjonelle årsmøta som har verte heldt etter ei gudsteneste. Ein har og forsøkt å halde det ein onsdag kveld før kveldssamling, men det gav og dårleg oppmøte.
- Kan ein snu arrangementet til ein «kyrkjelydens årsfest» eller kombinere det med ei inspirasjonssamling der ein tonar ned årsmøte-preget, men framleis får informert soknets medlemmer om arbeidet i soknet?
- Det er truleg ei litt stor omvelting å arrangere noko slikt i år, men kanskje kan ein ta eit steg i den retning ved å flytte arrangementet til Kyrkjestova, servere ein matbit (kringle frå Sigrid?) og kombinere med sofaprat med Jørgen som ny sokneprest?
- Bør forsøke å få avvikla årsmøtet ila mars for at informasjonen skal vere relevant og for å unngå effekten av at det er vanskeleg å samle folk seinare på våren? Rekneskapen er nok uansett ikkje ferdig og vi kan presentere førebels tal.

Soknerådsleiar og sokneprest tar saken vidare og ser kva ein kan få til i år.

2023/15- 360 Kyrkjelydsleir 2023

Leirstad er booka 1-3. september 2023. Har me ein komité? Kva involvering ønskjer vi frå tilsette ressursar?

Vedtak: Saka vert utsett til neste soknerådsmøte då ikkje Kirsti var til stades.

2023/16- 360 Folk i sentrum 10-11.juni

Stord kommune arrangerer Folk i sentrum 8.-11.juni 2023. Det var gode tilbakemeldingar på både stand i gata laurdag og gudsteneste på Osvald Pub søndag same helga i fjor.

Staben har nokre ressursar som kan vere med på eit opplegg laurdag i gata, men ønskjer i så fall at det er eit tett samarbeid med sokneråda.

Søndagen er det felles folkedansgudsteneste i Nysæter og konfirmasjonsgudsteneste på Huglo. Det er derfor i utgangspunktet ikkje tilgjengeleg prest for ei gudsteneste i sentrum. Er det aktuelt med gudsteneste ei anna tid i helga? Er det viktig at det er soknepresten som deltek? Samtale i soknerådet om kva me vil og kva rolle me vil ta som sokneråd i dette.

Vedtak:

Moment frå samtalen:

- Soknerådet støtter planen om eit opplegg med stand i gata på laurdagen.
- Soknerådet ønskjer å byggje vidare på dei gode opplevingane frå i fjor når det kjem til gudsteneste i sentrum, men tenkjer at det i så fall må vere i kyrkjetid (søndag kl 11).

MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

- Det er dumt at det kolliderer med folkedansmessa i Nysæter og konfirmasjon på Huglo same helga. Datoane for dette var sett tilbake i tid før ein var klar over Folk i Sentrum. For ettertida må vi sikre at det ligg fast i planane så vi skapar moglegheit til å delta.
- Prost Svein Arne Theodorsen har sagt seg villig til å ha gudsteneste i sentrum og å bidra til musikalske krefter – så det kan vere mogleg med ei gudsteneste i sentrum i tillegg.
- Det var diskutert kor vidt det var aktuelt å flytte folkedansmessa frå Nysæter til sentrum. Indikasjonane før møtet var at det ikkje var umogleg, og soknerådet støtte i så fall at det måtte vere ei fin gudsteneste å arrangere i sentrum.
(Ny informasjon etter møtet viser at det likevel ikkje er mogleg, så det blir ikkje løysinga)

Sokneprest arbeider vidare med saka saman med stab.

2023/17- 121 Årleg stønad til Kyrkjestova Fredheim

Stord sokn har i samarbeidsavtalen med Kyrkjestova Fredheim forplikta seg til å gje ei årleg støtte til foreininga. Støtta er dels ei motyting mot gratis leige av huset til soknet sine arrangement, og dels ei økonomisk støtte til foreininga og det økonomiske arbeidet som skal leggje grunnlag for eit nytt kyrkjelydshus for soknet.

Stord sokn støtta i 2020 med 20 000 kr. Beløpet skulle revurderast i 2021, men det er ikkje gjort. Soknet støtta med 16 895 kr i 2021, og hadde støtta med 19 832 kr per oktober i 2022. Stord sokn har budsjettert med 30 000 kr i takkoffer-inntekter til Kyrkjestova Fredheim i 2023.

Vedtak:

Stord sokn vedtek å forplikta seg til å gje ein årleg stønad på minimum 30 000kr i 2023, og vil igjen vurdere beløpet når det skal vedtakast budsjett for 2024.

(Dag, Anders og Ingeborg er med i styret til Kyrkjestova, men er vurdert habile i denne saka sidan dei ikkje har personlege interesser gjennom styrevervet)

2023/18- 012 Endring i diakoniutvalet

Vedtak: Kirsti Frugård går inn som fast medlem i diakonutvalet.

Orienterings-/drøftingssaker utan vedtak:

1. «Kva skjer i kyrkja vår?», orientering v/Jørgen:
Konfirmantfestival på Langevåg, mange gode frivillige med i tillegg til to tilsette. Kjempefint arrangement, kjekke konfirmantar, stort og viktig arbeid for konfirmantane, noko knirk likevel, skal evaluerast. Jørgen er delvis sjukemeldt ei stund framover. Statistikken er klar for 2022, noko nedgang i forhold til 2019 (2020 og 2021 er koronaår).
- ~~2. Orientering frå Fellesrådet v/ Dag~~
- ~~3. Innspel frå utvala~~
- ~~4. Aktuelle saker i kyrkjelyden:~~
 - ~~a. Tiltak på galleriet i Stord Kyrkje for å gjere det meir anvendeleg.~~
5. Siste nytt vedr. Kyrkjevalet 2023
 - a. Info frå valkurs
 - b. Info frå nominasjonskomiteen v/Ingeborg: kommunikasjonsplan, tekst på sms til aktuelle kandidatar, omtale i avisa, Sunnhl podkast, facebook, flyer til kyrkjene frå 12. februar, har 39 navneforslag,
 - c. Sjekkliste og tidsplan fram mot 31. mars
6. Aktuelle datoar:
 - a. Fellesmøte med Nysæter sokneråd og stab 12. april 2023 kl 17-21 i Nysæter.
Tema: Planarbeid (oppfølging frå Døgnet 2023)
7. Behov for frivillige til Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon.
 - a. Søndag 26.mars (ca kl 15-19 i Nysæter, hjelp til servering og/eller aktiviteter) og tysdag 28.mars (ca kl 17-19 i Stord eller Nysæter kyrkje).
Mest behov på søndagen.

Skriv, referat og meldingar

1. Referat, Kyrkjestova Fredheim, 9. januar
2. Referat, Diakoniutval, 18. januar
3. Brev frå Frimodig Kyrkje vedr. kandidatar til bispedømerådsva